

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 Oslo

Bergen, 25.2.2011

Høyringsvar frå Språkverkstaden til rettskrivingsnemnda for nynorsk

Kort om Språkverkstaden:

Språkverkstaden har levert omsetjings- og språkkonsulenttenester til offentlege og private verksemder sidan 1997. Vi tilbyr mellom anna omsetjing mellom bokmål og nynorsk, og vi les korrektur på og språkvaskar nynorske tekstar av alle slag.

Etter å ha arbeidd med nynorsk språk nærmast dagleg i 13 år og omsett og språkvaska tusenvis av sider har vi sett kva utfordringar den vide nynorsknorma vi held oss med i dag, byr på. Ikkje berre for dei som sit rundt om i direktorat, departement, helseføretak, reklamebyrå eller andre stader og skal prøve å skrive nokolunde skapeleg nynorsk, men òg for oss som er profesjonelle språkfolk og skal rette dei same tekstane etterpå, eller sjølve skal produsere nynorsk tekst etter gitte husnormer. Å språkvaske nynorske tekstar som er skrivne av uerfarne nynorskbrukarar, kan vere eit sant mareritt, og vår erfaring er at det ikkje alltid er berre lett å vaske tekstar som er skrivne av erfarne og gode nynorskskribentar, heller. For sjølv om dei kan skrive både godt og tilsynelatande rett nok, er det berre heilt unntaksvis at dei greier å få alt på plass når det kjem til språkleg *konsekvens*. Det sprikjer, ofte i alle retningar, og det kjem det til å gjere så lenge vi har den jungelen av ei nynorsknorm som vi har i dag. Det må ryddast – eventuelt *rydjast* – i Nynorskens skog, og truleg er motorsag betre reiskap enn øks.

Blir det så lettare med den nye norma vi etter kvart skal få? Tja. Vi har ikkje hatt høve til å finlese alt som står i innstillinga, men nemnda har nok halde seg til øks, som ein kunne vente, og dermed spørst det vel litt. Det er gjort eit godt stykke arbeid med å rydde opp og stramme inn, for all del, og nemnda ser ut til å ha balansert ei mengd omsyn på imponerande vis, men norma bør bli endå mykje strammare.

Vi har sett og høyrte ei rekkje innspel frå slike som meiner at ein må vere svært forsiktig med å fjerne element frå nynorsken som folk har sterke kjensler for, anten det er *i*-mål, kløyvd infinitiv eller (mykje brukte) enkeltord. Mange av dei argumenterer godt for seg og har heilt klart nokre gode poeng. Som nynorskomsetjarar og språkkonsulentar, og ikkje minst som foreldre til barn som lærer nynorsk på skulen, har vi likevel ei meir praktisk tilnærming til dette. Nynorsken må vere enkel og grei og brukarvennleg, slik at det går an å lære han skikkeleg for folk flest. Då kan vi ikkje ha eit heilt hav av valfridom.

Dette synet på saka kjem til å vere gjennomgangsmelodien på dei neste sidene. Det må skjerast ned, til beinet helst. Beinet er tjukt og godt, så det kjem til å gå heilt fint. Utopi? Kanskje det. Eller kanskje ikkje.

Vi samarbeider ein del med nynorskomsetjarane Kåre Vigestad, Øystein Vigestad og Nikolai Nelvik, som vi òg har hatt ein tett dialog med om den nye rettskrivinga, og vi kjem til å sitere ein del punkt frå høyringsvara deira. Synspunkt som vi er så pass einige om, treng vi ikkje å bruke tid på å formulere på nytt, synest vi.

Først no til dei ti «hovudpunkta» som nemnda har bedt/bedd/bede/bedi oss om å sjå særleg nøye på.

Kommentarar til dei punkta nemnda særleg vil ha synspunkt på

	Framlegg frå nemnda	Våre kommentarar
1	Berre <i>-leg</i> , ikkje <i>-lig</i> (<i>endeleg</i> , ikkje <i>endelig</i>).	Einige.
2	Berre <i>-stilling</i> , ikkje <i>-stelling</i> (<i>framstilling</i> , ikkje <i>framstelling</i>).	Einige.
3	Valfri <i>j</i> i verb som <i>leggje/legge</i> og <i>søkje/søke</i> og svake hokjønnsord som <i>bryggje/brygge</i> og <i>enkje/enke</i> .	Ikkje einige. Dette fører til meir forvirring, ikkje mindre.
4	Former med diftong blir eineformer i ord som <i>drøyme</i> , <i>høyre</i> og <i>køyre</i> . Nemnda har særleg fått innvendingar mot å stryke forma <i>kjøre</i> .	Einige – også <i>køyre</i> som eineform.
5	Former som i dag har hovudform med dobbel konsonant og klammeform med enkel, skal i dei fleste tilfelle berre ha forma med dobbel konsonant i den nye rettskrivinga (<i>ramme</i> , <i>danne</i>).	Einige.
6	Valfri samsvarbøying i perfektum partisipp av svake verb (<i>Dei er presenterte/presentert</i>). Obligatorisk samsvarbøying i perfektum partisipp av sterke verb (<i>Dei er frosne</i>). Her har nemnda både fått framlegg om å stryke samsvarbøying i sterke verb og framlegg om å innføre full samsvarbøying også i svake verb.	Ikkje einige. Full samsvarbøying heile vegen, takk!
7	<i>Dykk</i> som subjektsform vert jamstilt med <i>de</i> . Her har nemnda òg fått innspel om å velje dialektformer som <i>dokke(r)</i> , <i>dåkke(r)</i> eller <i>dokk</i> .	Ikkje einige. <i>Dykk</i> som subjektsform høyrer ingen stad heime!
8	I nokre høgfrekvente ord gjer nemnda framlegg om å stryke dei jamstelte formene <i>skole</i> og <i>mye</i> , saman med klammeformene [<i>noe(n)</i>] og [<i>bare</i>]. Vi har både fått kraftige innvendingar mot å stryke mykje brukte former, og samstundes fått mange oppmodingar om å stryke nettopp desse.	Einige – stryk dei.
9	Kløyvd infinitiv (<i>vera/tenkje</i>) går ut av rettskrivinga. Dette er kanskje det framlegget som har skapt mest diskusjon til no.	Einige – takk og farvel!
10	I-mål (<i>sola [soli]</i> (bunden form eintal), <i>husa [husi]</i> (bunden form fleirtal)) går ut av den offisielle norma.	Einige.

Nikolai Nelvik skriv følgjande i høyringssvaret sitt, og vi sluttar oss til det, med eit bitte lite unntak:

[...] Men ein og annan vil nok rynke på nasen over former som *dratt, latt, tatt, setta, sitta, turka, turr, nå* (adv.), *so*. Og det burde greie seg med to dei alternativa *mogleg* og *mogeleg*, *muleg* kan gå ut. Dessutan meiner nok mange at ein ikkje bør jamstille klammeformene av dei hankjønnsorda og hokjønnsorda som etter gjeldande rettskriving har høvesvis *-er*, *-ene* og *-ar*, *-ane* som hovudformer i fleirtal (altså ikkje *bekkar, bunadar, villaar, elver, myrer*), og at former som t.d. [*sumar*], [*gamal*], [*domar*], [*døma*] bør slå følge med [*sume*], [*strama*], [*plome*], [*røma*] ofl. og takast ut av rettskrivinga.

Vår påstand er at vi heller ikkje har bruk for både *mogleg* og *mogeleg*, like lite som vi ser at det skal vere nødvendig å kunne skrive både *derfor* og *difor*, *mens* og *medan*, *gi* og *gje*, *forord* og *føreord*, *etterspørsel* og *etterspurnad*, *forvaltning* eller *forvaltning*, *fråvær* eller *fråvere*, *innanfor* eller *innafor*, *kjøtt* eller *kjøtt*, *komme* eller *kome* og ei røys andre ord som vi har to eller fleire temmeleg like skrivemåtar av. Det same kan seiast om ord med fleire kjønn: Eitt kjønn per ord burde rekke lenge – så får det heller våge seg kva for eitt ein til slutt fell ned på. Her vil mange garantert protestere, til dels høglydt, og det får dei berre gjere. Målet og mandatet er, minner vi om, å lage ei tydeleg, enkel og stram norm. Då må bøyingsmønster og andre mønster vere til å forstå seg på, og ordtilfanget må knipast kraftig inn. Unødvendige «dublettar», bokmålsnære eller -like ord som vi kan greie oss heilt fint utan, og gamle ord som knapt nokon bruker lenger, må ut av rettskrivinga, enkelt og greitt. Å bruke tid og krefter på synspunkta til folk som skriv i dag slik Ivar Aasen gjorde for meir enn hundre år sidan, er i beste fall tullete, i verste fall direkte øydeleggjande for nynorsken. Språk er levande og endrar seg i lag med oss som bruker det – heldigvis. Vi kan, på den andre sida, heller ikkje ta altfor mykje omsyn til dei som ønskjer veldig bokmålsnære/-like innslag i nynorsken. Samnorsktanken er død, eller *daud* om de vil.

Nelvik skriv vidare:

Ei nærskyld problemstilling finn vi i referatet frå møtet i nynorskmemnda 14. desember i fjor, der det står at ein i verb som etter rettskrivinga har både a- og e-bøying, "kan nytta såkalla 'blanda bøying', som er vanleg over store delar av landet", altså at desse verba kan få *-ar* i presens og *-de* eller *-te* i preteritum", t.d. *bruka – brukar – brukte – brukt*. I innstillinga er ikkje dette med; det står ingenting om "blanda bøying". Blandingsbøyinga *bli, blir, vart, vorte* (som òg er vanleg) er heller ikkje nemnd. Her trengst ei avklaring.

Vi er einige i at dette bør avklarast nærmare. Og vi meiner bestemt at denne typen blanda bøying berre fører til forvirring og fint lite anna. At svært mange verb kan bøyast etter både v1- og v2-prinsippet, er problematisk nok for mange. Ein bøyingsstype held.

Blandingsbøyinga *bli – blir – vart – vorte* har vi aldri forstått oss på; kvifor i all verda skal det vere lov å mikse to grunnleggjande ulike verb på denne måten? At mange føretrekkjer *bli*-varianten, men samtidig liker (eller *likar*) *vart*, er ikkje noko argument. Skal ein kunne plukke litt her og litt der, nett som ein vil, blir resultatet kaudervelsk, og det er det stikk motsette av tydeleg, enkelt og stramt.

Kåre Vigestad skriv i høyringssvaret sitt:

Eg går ut frå at nemnda har fått, og framleis får, mange innspel som argumenterer for ulike jamstilte former som skal korrespondere med ein dialekt eller eit dialektområde. Eg vil sterkt oppmode nemnda om å vere restriktiv her. Vi må få ei «tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer ...», som det heiter i mandatet. I pkt. 2.1 Vokalisme, pkt. 2.2 Konsonantisme og pkt. 2.4 Skrivemåten til enkeltord bør det gjerast fleire innstrammingar, altså innførast fleire eineformer.

Ein annan ting er at ein ikkje må bli så oppslukt av kravet om «enkel og stram norm» at ein øydelegg eller overforenkler sjølve språkssystemet. Eg viser her særleg til kommentarane nedanfor som gjeld verb med/utan j og systemet med samsvarsbøying.

[...]

Vi må ikkje la skilnaden mellom t.d. *rekke/rekke*, *henge/henge*, *merke/merke*, *trenge/trenge*, *søkke/søkke* o.a. forsvinne, altså der det er svak bøying av je-formene og sterk bøying av formene utan j. La også bøyinga av *ønske/ynske* (verb) og *ønske/ynske* (subst.) vere som i noverande normal.

[...]

Hald på samsvarsbøyinga også i svake verb, altså slik det er i læreboknormalen i dag.

Vi er einige i dette, også i det med at ein ikkje må overforenkla – heller ikkje samsvarsbøyinga, eitt av adelsmerka ved nynorsken.

Når det gjeld ord med valfri *ø/y*, meiner vi, ikkje overraskande, at vi kunne ha greidd oss med éin av variantane.

Om ord med obligatorisk *j* etter *g* og *k* skriv Vigestad vidare:

Eg meiner at nemnda ikkje løyser noko rettskrivingsproblem med å innføre nye former utan j i somme ord. **La systemet vere som i dag.** (Då kan vi òg halde på skiljet mellom substantivet *ønske* og verbet *ønske*.)

Øystein Vigestad skriv i fråsegna si, og vi samtykkjer:

[...] Eg har synst synd i dei borna som er blitt utsette for det store mangfaldet av bøyingsformer i skjønnlitterære tekstar i slike bøker, nettopp i det faget der dei skal lære å skrive norsk. Mange har peika på at den store valfridommen også skaper problem for dei som har nynorsk som sidemål. Mine erfaringar med skjønnlitterære tekstar tilseier òg at ein ikkje bør leggje for stor vekt på skjønnlitteraturen når ein måler frekvensen av ord- og bøyingsformer i bruk. Og lokalaviser er gjerne sterkt prega av direkte slurv og vankunne, i tillegg til at mange uttrykk og vendingar er direkte (og dårleg) omsette frå bokmål. Målingar av frekvens basert på "det nynorske tekstkorpuset" bør derfor ikkje oppfattast som det einaste retningsgivande, særleg i tilfelle der to ordformer har tilnærma lik førekomst.

Vidare:

I forslaget (punkt 2.3) heiter det:

Det skal vera valfridom mellom skrivemåtane *gj* og *kj* på den eine sida og *g* og *k* på den andre sida, i ord som i dag har former med *gj* eller *kj* som hovudform, og former utan *j* som klammeform.

Døme: *bygga/byggja*, *tenka/tenkja*
brygge/bryggje, *rekke/rekkje*

Eg meiner dette er uheldig. Formene med *j* bør bli eineformer! For det første av språkpolitiske grunnar: Det er eit poeng i seg sjølv å halde oppe skiljet mellom bokmål og nynorsk. Det gjer det lettare å halde nynorsken ved like som eit eige skriftspråk. For det andre finst det ein del ordpar der det er viktig å halde oppe skiljet mellom *j* og ikkje-*j*. Det gjeld t.d. *merke/merkje*, *trenge/trengje*, *henge/hengje*, *rekke/rekkje* og *søkke/søkkje*. Distinksjonane mellom desse verba vil gå tapt dersom forslaget til nemnda blir ståande.

Dessutan:

Det heiter i innstillinga (om *ønske/ynske*, *ønskja/ynskja* og substantiva *stykke* og *merke*):

Svært mange gjer feil i denne gruppa og droppar *j*-en, fordi dei trur at *j*-en er valfri her som i andre verb og hokjønnsord med stammeutgang på *g* og *k*. Likeins er det mange som tek med *j* i inkjekjønnsord som endar på *-ke*, særleg i substantivet *ynske/ønske*. Det er ei forenkling for språkbrukarane om dei her kan velja mellom formene med og utan *j*.

Eg synest ikkje det er noko godt argument for ei endring at mange gjer feil. Med obligatorisk *j* der det er hovudform i nynorsken i dag, skulle det heile bli enklare.

Og, om punkt 8 i «hovudpunkta» (side 2 i svaret vårt):

Eg er samd i dei forslaga nemnda kjem med. I tillegg vil eg meine at det ville vore ein fordel for nynorsken (ut frå argumentet om at det bør vere eit visst skilje mellom dei to norske skriftspråka her i landet) om ein også gjorde *då* og *endå* til eineformer (og altså kutta ut *da* og *enda*). Det same gjeld *åleine* og *no* (adv.). Kutt altså ut *aleine* og *nå*.

Vi siterer vidare, og sluttar oss til følgjande:

Eg ser ingen grunn til at endre på bøyinga av dei hankjønnsorda som fram til no har hatt *-er/-ene* som hovudform. Ein bør vere varsam med å tvinge innarbeidde bøyingsformer inn i eit nytt skjema, sjølv om det er "hovudskjemaet".

Regelen om at hankjønnsord som endar på *-nad*, skal ha *-er*, *-ene* i fleirtal, burde vere godt kjend blant nynorskbrukarar, og eg ser ingen gode grunnar som taler for å endre denne regelen. Når det gjeld *villaar/villaane*, er det mest av omsyn til den vanskelege uttalen *dobbel a* vil gi, at eg vil halde fast ved *-er*, *-ene*.

Eg ser heller ikkje nokon god grunn til å endre eit godt innarbeidd bøyingsmønster for hokjønnsorda *myr*, *elv* o.fl.

Til slutt:

Dra, *la(te)* og *ta* bør berre ha sterk bøyning!

Eg synest ikkje ein skal ta inn formene *setta* og *sitta*. Dette er også ord som gjer skiljet mellom nynorsk og bokmål uklart.

Formene *turka*, *turr*, *sundag*, [*sumar*] og *so* bør gå ut av nynorsknorma. Gjerne [*gamal*], [*domar*] og [*døma*] òg.

Elles ser eg gjerne at *ljod* og *ljøs* går ut av skriftnorma, slik at formene *lyd* og *lys* blir eineformer.

Eg stiller meg svært skeptisk til at formene *rør* og *mør* skal gå ut og *røyr* og *møyr* gjerast til eineformer. Det same gjeld *ty* (der *tøy* blir eineform). Vil dette også gjelde i samansetjingar som t.d. *verky*? Dette er etter mitt syn å dra prinsippet om konsekvens når det gjeld å innføre diftongar, for langt. (Punkt 2.1.2 i innstillinga.)

Når det gjeld det siste der, skil vi lag med Vigestad. Vi vil helst ha færrest mogleg unntak frå både denne regelen og andre reglar og meiner at formene med diftong både kan og bør vere eineformer.

Det kunne vore sagt mykje meir om mangt meir. Men det har mange gjort allereie, ser vi, og når alle skal meine sitt om enkeltpunkt og enkeltord i nynorskrettskrivinga, og alle har sine strengt subjektive preferansar som dei tviheld på, står ein der til slutt og stangar hovudet mot vegg. Paracet kan hjelpe, men hovudverken kjem gjerne att etter ei stund. Då må det sterkare lut til.

Vi ønsker rettskrivingsnemnda lykke til med innspurten!

Beste helsing
for Språkverkstaden



Jan Ove Hennøy
dagleg leiar